



[Mottakernavn]
[Adresse]
[Postnr] [Poststed]
[Kontakt]

Saksbehandler, innvalgstelefon
Shamila Riaz, 33371099

Vedtak i klagesak – Reguleringsplan - klage - Vinje 99/1 - Flåmyrane III - planID 20220001

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark viser til Vinje kommune si oversending 27. januar 2026 av dokumenta i klagesaka som gjeld kommunen sitt reguleringsplanvedtak av 21. oktober 2025 for Flåmyrane III.

Statsforvaltaren sitt vedtak

Statsforvalteren stadfester Vinje kommunes reguleringsplanvedtak av 21. oktober 2025 for Flåmyrane III (planID 20220001).

Statsforvaltaren sitt vedtak i klagesaka er endeleg og kan ikkje påklagast til overordna forvaltningsorgan, jf. lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker av 10. februar 1967 (forvaltningsloven) § 28.

Sakens bakgrunn

Aquapartners AS (plankonsulent) har på vegne av Vågslid Utvikling AS (forslagsstillar) utarbeidd eit framlegg til reguleringsplan for Flåmyrane III.

Det vart halde oppstartsmøte i saka 5. desember 2022. I møtet vart det konkludert med at planen ikkje fell inn under forskrift om konsekvensutgreiingar av 21. juni 2017 nr. 854 (KU-forskrifta).

Den 24. januar 2023 vart det sendt ut varsel om oppstart av planarbeidet.

Den 4. juni 2024 vart det sendt ut ei tilleggskunngjering i plansaka, ettersom planområdet måtte utvidast for å avsetje ei buffersone mot boreal hei. Også på dette tidspunktet vart det vurdert at planen ikkje var omfatta av plikta til konsekvensutgreiing.

Det første planframlegget i saka var datert 8. april 2024. Framlegget vart ikkje godkjent av kommunen på grunn av følgjande forhold:

«Planframlegget vart fyrst sendt til kommunen 08.04.2024. Planframlegget vart ikkje godkjent av administrasjonen på grunn av manglar i VA-plan, krav til utarbeiding av KU i høve trua naturtype, samt



eit arealformål som var i strid med kommunedelplanen. Det har vore dialog mellom administrasjonen og tiltakshavar frå fyrste planframlegg. Det har vore fleire møter, samt synfaringar i felt for å sjå på tomter, infrastruktur i høve eksponering, myr, våtmark og vasspeglar. Det har og vore dialog i høve føresegner og arealformål. Revisjonen av planframlegget kan sjåast i vedlagt revisjonslogg, vedlegg 13. ,Endeleg planframlegg vart sendt til kommunen 09.09.24. Planframlegget og plandokumenta vart godkjent innan lovens tidsramme på tre veker.¹»

Plan- og miljøutvalet i kommunen vedtok 30. oktober 2024 at planframlegg datert 9. september 2024 skulle sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn.

For å imøtekome innspel frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark si miljøavdeling vart det gjennomført endringar i planframlegget. Kommunen vurderte at endringane var av ein slik karakter at dei berørte partane måtte få det reviderte framlegget sendt på avgrensa høyring. Planframlegget vart sendt på avgrensa høyring 7. februar 2025.

Den 27. mai 2025 vedtok kommunestyret å utsetje 2. gongs handsaming av saka. Saka vart sendt tilbake til plan- og miljøutvalet. Frå kommunestyret sitt vedtak blir det sitert:

«Saka blir sendt attende til plan og miljøutvalget, til sak frå administrasjonen om totalt utbyggingspotensiale i kommunedelplan for Vågsli kjem opp.»

Den 16. september 2025 handsama kommunestyret sak om det samla utbyggingspotensialet i KDP Vågslid, både regulert og uregulert areal. Følgjande vedtak vart fatta:

«Plan- og miljøutvalet tek saka om utbyggingspotensialet innanfor KDP Vågslid til orientering. Kommunen set i gang oppstart av planarbeid for KDP Vågslid i medhald av pbl. § 11-12 i løpet av 2026.

Føremålet med rulleringa er at ein skal redusere framtidige utbyggingsområde. Reguleringsplanane Storlidneset del 2 og Flåmyrane III skal bli handsama ferdig. Nye planframlegg utover desse to vil ikkje bli handsama før KDP Vågslid er ferdig rullert.»

Kommunestyret vedtok planen den 21. oktober 2025². Planvedtaket lyder slik:

«Framlegg til reguleringsplan for Flåmyrane III, 99/1, planID 20220001, blir vedteken i medhald av pbl § 12-12 med endringane som er nemnde i kommunedirektøren si vurdering og lista opp punktvis 1-24 under oppsummering av framlegg til endringar.

Plan- og miljøutvalet vedtek jf. stadnl. § 7 fyrste ledd og adresseforskrift for Vinje kommune § 2 vegnamna Nedre Flåmyrane, Øvre Flåmyrane, Myrsnipevegen, Nedre Kroknos, Austre Kroknos, og Øvre Kroknos, slik vedlegg 9 Vegnamn viser.

Reguleringsplan for 99/1 Flåmyrane/Skjærdalen, planID 20030001, opphevast jf. pbl. § 12-14, når Flåmyrane III, planID 20220001, blir vedteke.

I føresegnene 4.1.2a skal det rettast til at det skal vere 25 % BYA.

FTU blir endra til FL-område og antal einingar blir sett til 0. For området som blir omgjort til FL (#1) skal likevel føresegnene vere gjeldande.

FBF8 - antal einingar blir sett til inntil 10.

FBF34 - antal einingar blir sett til inntil 4.

FBF35 - antal einingar blir sett til inntil 8.

¹ [Førstegangsbehandling plan- og miljøutvalget av 30. oktober 2024 side. 2 flg.](#)

² [Kommunestyrets vedtak av 21 oktober 2025](#)



Desse endringane er gjort i samråd med tiltakshavar. Utvalet ser då at planen ikkje treng ut på ny høyring.»

Det går fram av saksframstillinga frå kommunen si klagesaksbehandling at planvedtaket blei kunngjort 24. oktober 2025, og at klagefristen var 23. november 2025.

Reguleringsvedtaket blei påklaga av Sverre Meling, Svein Halsne, Magny Erdal, Asbjørn Erdal, Andrew Greenwood, Geir Arnfinn Berg, Kristine Marinsen, Roar Martinsen, Inger Eileraas, Bjørn Eileraas, Trond Nilsen, Lill Ingrid Wold, Naturvernforbundet i Vest-Telemark, Reidar Huglen og Haukeli hytteforening, i perioden 9. november 2025 til 23. november 2025. Statsforvaltaren viser til klagen.

Plan- og miljøutvalet behandla klagen i møte 21. januar 2026. På bakgrunn av klaga frå Magny og Asbjørn Erdal av 17. november 2025 endra kommunen planføresegnene knytte til furutre for å sikre furutrea som er markerte med omsynssone i plankartet. Utanom nemnde endringar stadfesta plan- og miljøutvalet kommunestyret sitt vedtak av 21. oktober 2025. Statsforvaltaren framhevar at endringa er ei presisering av ordlyden i den opphavlege føresegna, og endringa endrar ikkje innhaldet i planen. Statsforvaltaren har difor, i likskap med kommunen, kome til at det ikkje er nødvendig å treffe eit endringsvedtak. Frå saksframstillinga frå kommunen si klagehandsaming s. 4 blir følgjande attgjeve:

«Kommentar frå kommunedirektøren: *Treet er lagt inn med omsynssone i plankartet, dette er alt omtala i innspel til høyringa og vurdering til 2. gongs handsaming, og vert ikkje kommentert ytterlegare. Kommunedirektøren vil rå til å gjera ei presisering av føresegn 2.4 b) «[...] Ein skal ta vare på monumentale furutre, så langt det let seg gjera[...]», til «[...] Andre monumentale furutre utover dei som merkt som verna i plankartet skal og takast vare på så langt det let seg gjera[...]», slik at det kjem betre fram at dette gjeld andre furutre enn dei som er merkte som med omsynssone i plankartet.»*

Kommunen imøtekom heller ikkje anmodninga om utsett iverksetjing som blei fremja i klaga av 20. november 2025 frå Andrew Greenwood.

Saka blei deretter sendt til Statsforvaltaren for endeleg klagehandsaming.

Den 26. januar 2026 mottok Statsforvaltaren tilleggsmerknader i saka frå Naturvernforbundet. Det blir gjort gjeldande at eit utvalsmedlem, Irja Godal, som òg er medlem av Naturvernforbundet, blei uriktig erklært inhabil under kommunen si sakshandsaming. Det var ikkje nok tid til å kalle inn varamedlem.

Statsforvaltaren legg til grunn at klagarane er kjende med innhaldet i sakens dokument og finn difor ikkje grunn til å gjere nærare greie for desse.

Statsforvaltaren si kompetanse

Statsforvaltaren behandlar klaga etter delegert mynde frå KDD.

Ved handsaming av ei klage på eit planvedtak skal Statsforvaltaren prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye omstende. Statsforvaltaren skal vurdere dei synspunkta klagarane kjem med, og kan òg ta opp forhold som ikkje er nemnde av klagarane. Statsforvaltaren har plikt til å gjere ei sjølvstendig vurdering av dei rettslege, faktiske og skjønsmessige sidene av saka. Klageinstansen si prøving er ikkje avgrensa til å vere ein kontroll av underinstansen sitt vedtak, jf. forvaltningslova § 34.



I plansaker som rører naturmangfald har Sivilombodet i sak 2024/1708 lagt til grunn følgjande om Statsforvaltaren si klagehandsaming:

«Statsforvalteren må kontrollere om kommunen i tilstrekkelig grad har ivaretatt naturmangfoldlovens saksbehandlingsregler da de behandlet saken. Statsforvalteren må ta stilling til om kommunen har sett, vurdert og avveid prinsippene i naturmangfoldloven §§ 8-12 opp mot de øvrige hensynene som gjør seg gjeldende i plansaken og vurdere om dette fremgår klart av kommunens vedtak.»

Og vidare:

«Dersom nasjonale eller særlig vektige regionale interesser er berørt, får det kommunale selvstyre mindre vekt i interesseavveiningen, se blant annet Borgarting lagmannsretts dom LB-2014-40734 og ombudets uttalelse 28. august 2018 (SOM-2018-1219). Statsforvalteren må derfor vurdere hvordan hensynet til det kommunale selvstyre gjør seg gjeldende i saken, herunder om det foreligger naturmangfoldverdier som påvirker vektleggingen av det kommunale selvstyre.»

Statsforvaltaren si kompetanse ved handsaming av klage på eit vedtak om reguleringsplan er nærare omtalt i rundskriv T-8/86 frå Miljøverndepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet, og i brev av 16. januar 2004 frå Miljøverndepartementet. Statsforvaltaren kan ikkje gjere realitetsendringar i planen som kommunen ikkje er samd i. Statsforvaltaren kan likevel, i si klagehandsaming av reguleringsplanar, fatte vedtak om å oppheve ugyldige vedtak.

Klagefrist og klagerett

Reguleringsvedtak er enkeltvedtak og kan dermed påklagast, jf. forvaltningslova § 29 første ledd.

Som kommunen har vist til i si klagehandsaming, gjeld fleire av klagene dei same tema, mellom anna naturmangfald, myr, boreal hei og villrein. Dette, samanhalde med at det er openbert at fleire av klagarane har klagerett etter forvaltningslova § 29 første ledd, gjer at Statsforvaltaren vurderer at det ikkje er nødvendig å prøve kommunen si vurdering av om klagarane har klagerett.

Alle klagene er fremja innan klagefristen, som var 23. november 2025. Klagene er dermed rettidige.

Klagene oppfyller òg krava til adressat, form og innhald. Statsforvaltaren har difor kome til at klagene skal takast til behandling, jf. forvaltningslova § 34 første ledd.

Klagepåstand

Klagene relaterer seg både til kommunen si sakshandsaming og til innhaldet i planen. Myr er eitt av tema som ifølgje fleire av klagene er mangelfullt utgreidd, og det er òg gjort gjeldande at planen ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til boreal hei, naturmangfald og villrein. Det er vidare fremja klagepåstandar om at fortettinga planen legg til rette for, reduserer verdien av eksisterande eigedomar, og at planvedtaket ikkje er grunnlagt i tråd med krava i lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) av 19. juni 2009 §§ 8–12, jf. § 7.

Vi viser elles til klagene i sin heilskap.

Statsforvaltaren si vurdering av klagene

1. Er saka tilstrekkeleg utgreidd?

Statsforvaltaren understrekar innleiingsvis at kjernen i Statsforvaltaren sin klagehandsaming er å sjå til at kommunen sitt planvedtak bygger på korrekt faktum, og at plansaka er tilstrekkeleg utgreidd. samt at krav til saksbehandlingsprosess er fulgt.



Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) av 27. juni 2008 nr. 71 stiller krav om risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) for planar som legg til rette for utbygging, jf. § 4-3. Flåmyrane III legg til rette for hyttebygging, og det krevst difor ROS-analyse.

Aquapartner Telemark har utarbeidd ei ROS-analyse datert 6. september 2024. Det går fram på side 5 i ROS-analysen at ho er utarbeidd i tråd med Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap si rettleiing frå 2017 (DSB). Statsforvaltaren har gjennomgått ROS-analysen og vurderer at ho er utarbeidd i samsvar med metodikken i nemnde rettleiing.

På side 15 i ROS-analysen går det fram at det ikkje er avdekt forhold som medfører at planen ikkje kan gjennomførast. Det står vidare at planområdet er eigna for den utbygginga planen skisserer, føreset at det blir gjennomført tiltak for å:

- «- Sikre opne resipientar og trygge flaumvegar i høve til ekstremnedbør og overvatn
- Dimensjonere for tilstrekkeleg med sløkkjevatt
- Støvreducerande tiltak som salting.»

Kommunen har følgt opp tilrådingane i ROS-analysen ved å vedta planføresegner. Til dømes sikrar § 2.6 bokstav b) trygge flaumvegar. Føresegna lyder slik:

«Bekkar, bekkedrag, myrar og vassvegar skal oppretthaldast. Flaumvegar skal dimensjonerast for 100-årsflaum med klimafaktor 1,5. Ivareta eksisterande flaumvegar og avsette nye. Veg skal ikkje brukast som flaumveg. Ta vare på bekkar. Bekkelukking er ikkje tillate.»

Det er òg vedteke fleire planføresegner som skal sikre tilstrekkeleg brannsløkkevatn. I § 7.4 bokstav b) i planføresegnene er det stilt rekkjefølgjekrav om at brannhydrantar med maks 250 meters avstand skal vere på plass før nye bueiningar kan takast i bruk.

Statsforvaltaren vurderer at ROS-analysen i saka er utforma i tråd med krava i plan- og bygningslova § 4-3.

Plan- og bygningslova § 4-2 første ledd stiller krav om planomtale for alle planar som blir vedtekne med heimel i lova. Planomtalen skal skildre planens formål, hovudinnhald og verknader, samt planens forhold til rammer og retningslinjer som gjeld for området.

Det ligg føre ein planomtale i saka. Han er utarbeidd av Aquapartner Telemark. Statsforvaltaren har gjennomgått versjonen som blei revidert etter førstegongsbehandlinga, som etter opplysningane i saka er den endelege versjonen, og vurderer at planomtalen er i tråd med krava i plan- og bygningslova § 4-2 første ledd.

Kommunen har vurdert at Flåmyrane III utløyser krav om konsekvensutgreiing, og at KU-plikta er avgrensa til tema naturmangfald, jf. plan- og bygningslova § 4-2 andre ledd, jf. forskrift om konsekvensutgreiingar (KU-forskrifta) av 21. juni 2017 nr. 854 § 8, jf. § 10. Det ligg føre ei konsekvensutgreiing datert 4. september 2024, utarbeidd av Aquapartner Telemark. Konsekvensutgreiinga omfattar tema boreal hei, villrein og framande artar.

Konsekvensutgreiinga er utarbeidd i tråd med metodikken i Miljødirektoratet si *Håndbok om konsekvensutredning av klima og miljø* (M-1941). M-1941 presenterer ein metode som kan nyttast for alle fagområde i konsekvensutgreiingar, der vurderinga blir delt i verdi-påverknad og konsekvens.



Rapporten er utarbeidd i samsvar med denne rettleiinga. Statsforvaltaren vurderer på denne bakgrunn at rapporten er utarbeidd i tråd med anerkjend metodikk, jf. KU-forskrifta § 17 tredje ledd.

Kommunen vurderte i si førstegongsbehandling at konsekvensutgreiinga om naturmangfald er tilstrekkeleg, sjå side 3 flg. i saksframstillinga, og oppretthaldt dette standpunktet i si 2. gongs handsaming. Statsforvaltaren understrekar at Statsforvaltaren si miljøavdeling, som er fagmynde på området, ikkje har fremja innvending mot konsekvensutgreiinga.

I medhald av M-1941 er planområdet delt i delområde, og konsekvensutgreiinga er vurdert ut frå ein trinnvis metode med følgande trinn: skildring av status, verdsetting, vurdering av påverknad og vurdering av konsekvens. Vidare er utbyggingsalternativet vurdert opp mot 0 alternativet.

På s. 9 i konsekvensutgreiinga er det gjort greie for kva kunnskapsgrunnlag utgreiinga byggjer på. Statsforvaltaren si vurdering er at konsekvensutgreiinga byggjer på eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag. Frå s. 9 i konsekvensutgreiinga blir det sitert følgjande:

«Konsekvensutgreiinga er tufta på eksisterande kunnskap; naturtypekartlegging i 2022 (Miljødirektoratet, 2022), rapport utført av Statens vegvesen, i samband med detaljreguleringsplan for E134 Kollonneoppstillingsplass Vågsliid (planID 20170007) og synfaring. Det er gjort ei vurdering av eksisterande kunnskap som føreligg om området. Naturtypekartlegginga i området er utført nyleg i 2022 av Rambøll AS og etter Miljødirektoratet sin instruks. Delar av området ligg nær kolonneoppstillingsplassen, der det også føreligg ei naturmiljøvurdering frå 2018, iht. Miljødirektoratets handbok 13 og feltarbeid blei utført av biolog / botanikar frå Multiconsult. Natur og landskap har ikkje gjennomgått forandringar, og det har ikkje vore vesentlege arealbruksendringar sidan kartlegginga blei utført. Kunnskapsgrunnlaget vurderast å vera tilstrekkeleg, både i dekningsgrad, relevans og alder. Rapporten er kvalitetssikra av Faun Naturforvaltning AS.»

Statsforvaltaren si vurdering er at konsekvensutgreiinga om naturmangfald er utarbeidd i tråd med krava i KU-forskrifta § 17 og M-1941, og at kommunens planvedtak bygger på eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag om naturmangfald. Statsforvaltaren understrekar at ei konsekvensutgreiing som er utarbeidd i tråd med krava i KU-forskrifta og M-1941 òg vil oppfylle krava til kunnskapsgrunnlag om naturmangfald etter naturmangfaldlova § 8.

I klagene er det mellom anna gjort gjeldande at tema myr ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Statsforvaltaren si miljøavdeling uttalte i si høyringsfråsegn av 23. januar 2025, som er gjentatt på side 2 flg. i saksframstillinga frå kommunen si 2. gongs handsaming, at det er usikkert om all myr er teken med i klimarekneskapet sidan myrområda ikkje er fullstendig kartlagde, og at arealet med myr som blir omgjort kan vere vesentleg større enn vist.

Statsforvaltaren understrekar at sjølv om tema myr ikkje er konsekvensutgreidd som eige fagtema, er planens konsekvensar for myr omtalt i konsekvensutgreiinga. Til dømes går det fram av side 18 i konsekvensutgreiinga at delområde 3 har stor verdi, mellom anna på grunn av førekomsten av samanhengande myr. På side 21 i konsekvensutgreiinga står det at:

«Parti med myr og vasspeglar har ein funksjonell verdi i form av overvasshandtering, og er eit viktig bidrag til blågrønnstruktur.

5.6.2 Verdsetting

Med omsyn til naturverdiar som vatn- og grønnstruktur og kvaliteten på naturtypen er verdien sett til stor.»



Frå side 27 i konsekvensutgreiinga siterer vi:

«Vasspeglar og parti med myr er viktige i høve til handtering av overvatn, og for det biologiske mangfaldet då det er viktige leveområde for mange artar. Desse områda bør i stor grad unngåast å bygge ned, og negativ påverknad bør avgrensast. Ved etablering av veg i nærleik til myr bør det gjerast tiltak som kan setje i stand eventuelle myrparti tett på veg og anna infrastruktur, ved til dømes bruk av geotekstil for å hindre drenering.»

Kommunen har på side 5 i saksframstillinga frå sin 2. gongs handsaming vurdert høyringsinnspela knytte til mangelfullt kunnskapsgrunnlag om myr. Kommunen skriv at planadministrasjonen òg har vore på synfaring i området, og at kommunedirektøren foreslo å fjerne fleire tomter på grunn av myr. Frå saksframstillinga blir det sitert slik:

«Planadministrasjonen har og vore på synfaring i området, og kommunedirektøren hadde til 1. gongs handsaming framlegg til fleire tomter som burde utgå på grunn av myr. Det vart då gjort eit politisk vedtak på at desse tomtene skulle bli verande. Når fleire av desse no er foreslått tatt ut i 2. gongs handsaming enno ei gong er dette gjort i samråd med tiltakshavar, for å imøtekoma nokon av høyringssvara som har kome inn, blant anna frå offentlege instansar.»

På side 1 i kommunen sine vurderingar av 13. mai 2025 etter naturmangfaldlova §§ 7–12 skriv kommunen dette om kunnskapsgrunnlaget om myr:

«Arealtypekartlaget AR5 er noko mangelfullt når det gjeld myr og vasspeglar i området. Kommunen har gjennomført synfaringar i planområdet, både med og utan tiltakshavar. Ved hjelp av flyfoto og synfaringar er myr og vasspeglar i stor grad undersøkt, og det er gjort tilpassingar i plankartet for å ivareta flest mogleg av desse.»

Statsforvaltaren understrekar at Statsforvaltaren si miljøavdeling ikkje fann grunnlag for å fremje motsegn i saka, sjølv om miljøavdelinga i sitt høyringsinnspel av 23. mai 2025 peikte på svakheiter ved kunnskapsgrunnlaget om myr. Kommunen har vidare vurdert at myr og vasspeglar i stor grad er undersøkt gjennom flyfoto og synfaringar. Statsforvaltaren vurderer på denne bakgrunn at tema myr er tilstrekkeleg utgreidd, jf. forvaltningslova § 17.

Klagar si påstand om at kunnskapsgrunnlaget om myr er mangelfullt, har difor ikkje ført fram.

2. Grunngevinga - påstand om at vurderinga etter naturmangfaldlova § 7 og kommunen si interesseavveging av planfaglege omsyn ikkje er synleggjorde

Det følgjer av naturmangfaldlova § 7 andre punktum at kommunen si vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8–12 skal gå fram av avgjerda. Føresegna stiller ikkje krav utover tidspunktet for når grunngevinga skal givast.

I avsnitt 57 i Sivilombudets uttalelse i sak 2024/1708 uttaler ombudet følgende om nevnte bestemmelse:

«Naturmangfoldloven § 7 innebærer at det må fremgå klart av vedtaket at prinsippene i §§ 8-12 er vurdert og hvilken vekt disse har hatt i interesseavveiningen. Dette innebærer at det må synleggjøres hvordan prinsippene er vektet mot andre samfunnsinteresser som gjør seg gjeldende i plansaken.»

Kommunen sine vurderingar knytte til naturmangfaldlova §§ 8–12, jf. § 7, er gjorde i eit eige dokument datert 13. mai 2025. Nemnde dokument følgde som vedlegg 14 til saksframstillinga til



kommunen si 2. gongs handsaming av planen, og er nemnt i vedleggslista på side 1 i saksframstillinga til 2. gongs handsaminga. Statsforvaltaren vurderer at vurderingane i vedlegg 14 til saksframstillinga til 2. gongs handsaminga er tilstrekkelege for å oppfylle naturmangfaldlova § 7 andre punktum sitt krav om at vurderingane skal gå fram av avgjerda.

Statsforvaltaren har gjennomgått kommunen sine vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8–12, jf. § 7. Statsforvaltaren har tidlegare i dette vedtaket vurdert at konsekvensutgreiinga om naturmangfald er utarbeidd i tråd med KU-forskrifta sine krav. Ei konsekvensutgreiing som oppfyller krava i KU-forskrifta, oppfyller etter Statsforvaltaren sitt syn òg krava til kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8. Fordi Statsforvaltaren alt har vurdert at plansaka er tilstrekkeleg utgreidd, viser Statsforvaltaren til si vurdering tidlegare i dette vedtaket. Når det gjeld kommunen sine vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 9–11, jf. § 7, har Statsforvaltaren ikkje noko å tilføye. Statsforvaltaren vurderer kommunen sine vurderingar som tilstrekkelege, jf. naturmangfaldlova §§ 8–12, jf. § 7.

Klagepåstand om at planvedtaket ikkje er grunngitt i tråd med naturmangfaldlova §§ 8–12, jf. § 7, har difor ikkje ført fram.

Statsforvaltaren går no over til å vurdere om grunngivinga frå kommunen synleggjer korleis kommunen har vektlagt omsynet til naturmangfald opp mot andre planfaglege omsyn som talar for utbygging, jf. naturmangfaldlova § 7.

Planens konsekvensar for boreal hei, naturmangfald og villrein har vore gjennomgåande tema gjennom heile planhandsaminga. Alle tre tema er konsekvensutgreidde og vurderte i kommunen si saksframstilling frå både førstegongs- og andregongs behandlinga.

Statsforvaltaren viser til at kommunestyret 16. september 2025 vedtok å starte opp planarbeid for KDP Vågslid i løpet av 2026. Formålet med rulleringa av KDP Vågslid er å redusere hytteutbygginga i Vågslid. Kommunen vedtok òg at nye reguleringsplaninitiativ, utover reguleringsplanane Storlidneset del 2 og Flåmyrane III, ikkje kan handsamast før KDP Vågslid er ferdig rullert. Statsforvaltaren viser vidare til kommunen sine vurderingar av planens konsekvensar for villrein, samt kva tiltak som er sette i verk for å avgrense planens konsekvensar for villrein, slik dette går fram av vedlegg 14 til saksframstillinga til kommunen si 2. gongs handsaming av planen.

«

- Det er utført ei kvalitetsnorm som skildrar tilstanden til villreinen, og Hardangervidda villreinområde blei i 2021 klassifisert til dårleg kvalitet. Det er gitt uttale frå Statsforvaltar at ei auke i einingar i dette området vil kunne føre til auka ferdsel ut i villreinområde. Auka ferdsel i villreinområdet kan føre til at villreinen unngår området, og føre til oppstyking av leveområde. Det er difor viktig med gode kanaliseringstiltak i heile destinasjonen Vågslid, som denne reguleringsplanen er ein del av. Sti- og løypeplanen for Vinje kommune er eit tiltak for å kanalisere ferdsel i desse områda.
- I Vågslid er det etablert kanaliseringstiltak som styrkjer målet om å trekkje ferdselen vekk frå heiområda. Det er eit godt opparbeidd løypenett vinterstid, men også i barmarksesongen er ljosløypa, og turar i nærområdet gode tiltak som er mykje bruka, særleg ljosløypa. I Vågslid er spesielt ljosløypa, vasseventyret, sykkelveg, badeplassar, rekreasjonsområde kring vatn, interne vegar i og mellom hyttefelt, samt aktivitetane/tilboda og skibakkane i Haukelifjell skisenter med på kanalisere folk vekk frå sårbart villreinområde. Det er sikra eksisterande friområde innanfor planområdet som blir nytta mykje av hytteeigarane. KDP Vågslid har eit krav til tilknytning på sykkelsti, som i plankartet er lagt inn der trase for høgspenst har blitt lagt i jord.»



Som det går fram av gjengivinga ovanfor, var kommunen klar over tilstanden til villreinen då planen blei vedteken. Kommunen har vedteke at reguleringsplanane Storlidneset del 2 og Flåmyrane III skal vere unnatekne frå kommunen sitt vedtak av 16. september 2025 om at nye planforslag som gjeld utbygging i Vågslid ikkje kan vedtakast før KDP Vågslid er rullert. På bakgrunn av kommunen sitt planvedtak og saksframstillinga frå kommunestyremøtet 16. september 2025 legg Statsforvaltaren til grunn at utbygginga Flåmyrane III er noko fleirtalet i kommunestyret ønskjer, og at fleirtalet vurderer planens konsekvensar for villrein som akseptable. Kommunen har lagt vekt på at det er etablert kanaliseringstiltak i Vågslid, som styrkjer målet om å kanalisere ferdsel bort frå villreinens leveområde. Statsforvaltaren understrekar at kommunestyret sitt vedtak av 16. september 2025 om rulling av KDP Vågslid, med formål om å avgrense utbygginga i Vågslid, viser at kommunen har teke tilbakemeldingane frå fagmynda på alvor, og at kommunen forsøker å ivareta villreinen i si arealplanlegging. Det er òg gjort fleire endringar i planen sidan 1. gongs handsaminga av omsyn til villrein og naturmangfald, jf. side 5 flg. i planomtalen. Frå side 5 i planomtalen blir det sitert slik:

«Den største endringa er at det om lag 30,9 daa store arealet avsett til FTU med 100 einingar er erstatta med friluftsføremål, noko som verkar positivt inn på areal- og klimagassrekneskapet. Punkt b) i 5.4.1 vil som fylgje av dette utgå. Området med oppfylling merkt #1 i plankartet vert oppretthaldt for å sikre intern massehandtering sett i eit miljøperspektiv. Med friluftsføremål vil arealet få funksjon som ein grønstruktursone som bidreg til større rekreasjonsareal internt i feltet. Endringa har, saman med reduksjonar i dei andre større teigane, ført til at planen i sin heilskap frå 1. gongshandsaming til endeleg vedtak er redusert med 199 einingar. Bakgrunnen til reduksjonen er tungt vekta av omsyn til villrein, dvs. reduksjon i potensiell trafikkauke inn i nasjonale villreinområde.»

Planens konsekvensar for boreal hei er òg vurderte både i konsekvensutgreiinga og i kommunen si saksframstilling frå 1. og 2. gongs handsaminga. På side 13 i konsekvensutgreiinga står det at kvaliteten på naturtypen er redusert, og at området er prega av gjengroing. På side 24 går det fram at boreal hei er avhengig av beiting for å oppretthalde kvaliteten sin. Frå side 24 flg. i konsekvensutgreiinga blir det sitert slik:

«Utbygging eller ei, så vil den boreal heia gro att, då beitebruken har gått ned. I tilknytning til ferdsel, som ein indirekte konsekvens av utbyggingsalternativet, er løypenettet både sommar og vinter viktige i høve til kanalisering. Skisenteret er også eit viktig bidrag. Samla sett vil ei utbygging i Flåmyrane III stadvis medføre betydelege konsekvensar for naturmangfald. Det er store område med middels kvalitet på boreal hei, og der naturtypen har dårleg kvalitet. I området avsett til frittliggande fritidsbustadar og vegareal vil natur gå tapt. Samtidig vil det etter utbygging vera store samanhengande areal med grønt som opprettheld naturleg vegetasjon, leveområde og forflyttingsmoglegheiter for ulike artar.

...

Utbyggingsalternativet er vurdert til å medføre middels negativ konsekvens for temaet naturmangfald. Området har jamt over middels til stor verdi, trass i at området i stor grad er utbygd. Naturtypen boreal hei er mange stader svært redusert på grunn av attgroing. På grunn byggjeføremål og infrastruktur, vil naturtypen i delar av området bli forringa. Delområdet 6 har størst negativ konsekvensgrad med sterkt forringa, trass i at delområdet utgjer 46 daa av ein totalt 146 daa stor lokalitet. Fleire delområde er vurdert til å ha relativt små konsekvensar for naturmangfald. Konsekvensgraden er også attspegla i verdien knytt til villrein med tilhøyrande verdi i influensområde. Avbøtande tiltak vil vera aktuelt å realisere.»

Det går vidare fram av vedlegg 14 til kommunen si andregongs behandling av planen at kommunen har imøtekome dei faglege råda frå Statsforvaltaren si miljøavdeling om grep som kan sikre naturtypen. Frå side 6 i vedlegget blir det sitert slik:



«Boreal hei:

- Det er kartlagt fleire område med boreal hei (sårbar VU) i planområdet. Boreal hei i dette området er i gjengroingsfase på grunn av opphøyr i beite, og på sikt vil gå over til ein annan naturtype – skogsmark. Nordvestleg del av planområdet er lagt inn med LNF, samt buffersone mot boreal hei utanfor planområdet (omsynssone bevaring naturmiljø), etter råd frå Statsforvaltaren.»

Frå side 2 og 3 i nemnte vedlegg siterer vi:

«I planarbeidet er det vurdert om planen vil ha en negativ påverknad på landskap og økosystemer, naturtyper og arter. Planen opnar opp for omdisponering frå boreal hei i gjengroing til byggeområde. Deler av lokaliteten for denne naturtypen vil gå tapt. Planen vurderast difor til å ha noko verknad i form av auka samla belastning på naturmangfaldet, jf. naturmangfaldlova § 10. Det er ikkje kome fram andre tydlege negative konsekvensar, sidan omsynet til naturmangfald er sikra i plankart og føresegner, til dømes omsynssone bevaring naturmiljø (furu, myr, våtmark og vasspegjar), byggjegranser, omsynssoner kring gamle furutre, mm. Destinasjonen Vågslid og planen legg opp til gode kanaliseringstiltak for å avgrense ferdsel inn i sårbart villreinområde.»

Kommunen har òg vedteke å ta ut enkelte tomter frå planen og justere byggegrensa av omsyn til vassmiljøet, etter råd frå Statsforvaltaren si miljøavdeling. Statsforvaltaren viser til vedlegg 10 til saksframstillinga til kommunen si andregongs behandling av planen.

Statsforvaltaren vurderer at kommunen har gjort ei tilstrekkeleg vurdering av tema villrein, boreal hei og naturmangfald. Statsforvaltaren peikar likevel på at kommunen med fordel kunne – og burde – ha synleggjort vurderinga av dei omsyna som talar for utbygging betre i saksframstillingane sine. Det går fram av sakens dokument, mellom anna side 2 og 3 i saksframstillinga frå kommunen si førstegongsbehandling, at landbruksomsyn og økonomiske omsyn talar for den utbygginga planen skisserer. Det blir vist til at bakgrunnen for planforslaget er å sikre vidare vekst i gardsdrifta. Det blir òg vist til eit tilleggsskriv frå forslagsstillar, der fordelane ved planen er nærare grunngjevne. Frå skrivet blir det sitert slik:

«Detaljreguleringsplanen utgjer eit viktig verdigrunnlag for grunneigar/utbyggjar, som nærare skildra i kap. 5.1 i planomtala. Verdiskapinga som skjer i Flåmyrane III bidreg til å byggje grunnmuren for gardsdrifta i Viki gnr. 99 bnr. 1 i Vågslid. Utvikling av garden med istandsetjing av gamle bygningar, oppsetjing av nye driftsbygningar, nydyrking og beitedyr er verdifullt for området. Det hindrar attgroing, styrkjer matproduksjon, held i hevd kunnskap og bidreg til arbeidsplassar. Ringverknadar av planen er difor stor.»

I saksframstillinga frå 1. gongs handsaminga viser kommunen til at Vågslid er eit satsingsområde for hytteutbygging i Vinje kommune. Frå s. 3 i saksframstillinga blir det sitert slik:

«...Til rulleringa av arealdelen er det utarbeidd arealstrategiar (vedteke i kst. 16.04.24) som seier at hytteutbygging skal avgrensast til satsingsområda KDP Vågslid og KDP Rukkemo-Torvetjønn.

Framlegget til reguleringsplan for Flåmyrane er i tråd med både kommunens samfunnsdel og dei nye arealstrategiane for utvikling i Vinje kommune. »

Kommunen har også lagt vekt på at alle tomtene ligg i bygdeutviklingssona i Regional plan for Hardangervidda (2019-2035), og er i tråd med denne.

Etter Statsforvaltaren si vurdering har kommunen føretatt en tilstrekkeleg vurdering av planens konsekvensar for villrein, boreal hei og naturmangfald, og det er tatt konkrete grep som tar omsyn til



nemnte forhold. Nevnte hensyn er etter Statsforvaltaren sin vurdering avveid mot hensyn som taler for utbygging. Statsforvalteren har ingen merknader til kommunens interesseavveining.

Til slutt understreker Statsforvaltaren at Statsforvaltaren i dette vedtaket har konsentrert seg om hovedpunkta i plansaka. Statsforvaltaren har ikkje gått inn på alle enkeltpåstandar som er fremja i klagegane, og Statsforvaltaren sluttar seg til og viser til kommunen sitt svar på dei andre klagepåstandane i saksframstillinga frå kommunen si førebuaende klagehandsaming av 21. juni 2026. Disse påstandane er vurdert å ikkje føre frem.

På bakgrunn av vurderingen foran finner ikke Statsforvalteren grunnlag for å gi klager medhold i at kommunen ikke har tatt tilstrekkelig hensyn til villrein, boreal hei og naturmangfold.

2. Vurdering av tilleggsmerknaedene frå Naturvernforbundet

Etter at Irja Godal blei erklært inhabil, blei planen vedteken einstemmig med 6 (av opphavleg 7) medlemmar i Plan- og miljøutvalet i Vinje kommune. Ei eventuell feilaktig erklæring av inhabilitet har difor ikkje hatt nokon innverknad på resultatet i saka. Den siste røysta ville ikkje ha endra utfallet.

Det er difor heller ikkje aktuelt å ta saka opp til lovlighetskontroll på dette grunnlaget.

Konklusjon

Etter å ha gått gjennom saka meiner Statsforvaltaren at det ikkje er gjort saksbehandlingsfeil som medfører at planvedtaket er ugyldig. Kommunen har vidare gjort greie for saksforholdet i klagehandsaminga og gitt ei tilfredsstillande grunngiving for dei planfaglege vurderingane som ligg til grunn for vedtaket. Vi kan difor ikkje sjå at vedtaket byggjer på eit uforsvarleg skjønn.

Med tilvising til vurderinga ovanfor opprettheld Statsforvaltaren Vinje kommune sitt vedtak av 21. oktober 2025. Det vil seie at klagegane ikkje har ført fram.

Med helsing

Henriette Granlund (e.f.)
Fagsjef

Shamila Riaz
Seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

VÅGSLID UTVIKLING AS	c/o Nils Vågslid Haukelivegen 4254	3895	EDLAND
Sverre Meling	Sigvat Skalds Veg 10 B	5518	Haugesund
Svein Halsne	Tverrflåtveien 6	4018	Stavanger
Magny Kristine S Erdal	Stølen 4	5570	Aksdal
Asbjørn Erdal	Stølen 4	5570	Aksdal
Andrew Michael Greenwood	Dreganesvegen 337	5580	Ølen
Geir Arnfinn Berg	Almannamyrvengen 60	4280	Skudeneshavn
Roar Nakling Martinsen	Bautavegen 11 B	5516	Haugesund
Inger Brandtzæg Eileraas	Vipevegen 6	5532	Haugesund
Bjørn Eileraas	Vipevegen 6	5532	Haugesund
Inger Brandtzæg Eileraas	Vipevegen 6	5532	Haugesund



Trond Martin Nilsen	Gofarnesvegen 47	4250	Kopervik
Reidar Huglen	Karinaåsen 51	5545	Vormedal
NATURVERNFORBUNDET VEST	c/o Torfinn Sanden	3854	NISSEDAL
TELEMARK	Kyrkjebygdvegen 131		
HAUKELIFJELL HYTTEFORENING	c/o Sveinung Dankel Elvegård 35	5518	HAUGESUND
Nils Vågslid	Haukelivegen 4254	3895	Edland
Kristine Revheim Martinsen	Bautavegen 11 B	5516	Haugesund
Lill Ingrid Sandsgaard Wold	Gofarnesvegen 47	4250	Kopervik

Mottakerliste:

AQUAPARTNER TELEMARK AS	Haukelivegen 7058	3895	EDLAND
VINJE KOMMUNE	Vinjevegen 192	3890	VINJE